



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 15.06.2016  
**Tid:** 14:00 – 18:15

## Faste medlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

## Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
-------------	-----------------	------------------

## Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Møtte for</b>	<b>Reprenter</b>
-------------	------------------	------------------

## Frå administrasjonen møtte:

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Torgeir Steien	Fagleiar plan og utvikling
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (til kl. 15:30)

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Agnar Aarskog

Arne Prestbø

Bente Fitjar  
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 42/16	Godkjenning av protokoll	
PS 43/16	Sommarfullmakt 2016	
PS 44/16	Kommunesamanslåing mellom Fitjar og Stord	
PS 45/16	Møblar til LAR-senter	
PS 46/16	KJøp av omsorgsbustad i Havn burettslag.	
PS 47/16	Uttale til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017 - 2030	
PS 48/16	Møgeleg medlemskap i nettverk for fjord og kystkommunar (NFKK)	
PS 49/16	Høyringsuttale - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029	
PS 50/16	Høyring om endring i forskrift om stadnamn	
PS 51/16	Høyring - framlegg til planstrategi for Stord kommune	
PS 52/16	Bruk av opsjonar på Gartneritunet	
PS 53/16	Revidert budsjett 2016	
PS 54/16	Sal av eigedom	X
PS 55/16	Eigedomssak	X
PS 56/16	Meldingar	
PS 57/16	Ymse	

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

## **PS 42/16 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 43/16 Sommarfullmakt 2016**

### **Framlegg til tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

Kommunestyret gjev ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien 2016.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta i første møte etter ferien.

## **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

### **Tilråding: (Samrøystes)**

Kommunestyret gjev ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien 2016.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta i første møte etter ferien.

## **PS 44/16 Kommunesamanslåing mellom Fitjar og Stord**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Fitjar kommune seier nei til kommunesamanslåing med Stord. Fitjar kommune vil vera positiv til framtidige drøftingar med fleire kommunar i Sunnhordland.

## **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) oppsummerte status for saka.

Representanten Agnar Aarskog (AP) kom med framlegg om å ha ei evaluering av prosessen, spesielt arbeidet med intensjonsavtalen.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om at arbeidet med regionsreforma og endring i fylkesmannsembeta er i gong, endeleg vedtak før jul i år. Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal ha ein strategidebatt rundt arbeidet med regionsreforma, første møtet på hausten. Vil vera tema også med Haugalandsrådet.

Formannskapet drøfta saka.

### **Tilråding til kommunestyret: (4 (H, AP og KRF) mot 1 (FRP) røyster)**

Fitjar kommune seier nei til kommunesamanslåing med Stord. Fitjar kommune vil vera positiv til framtidige drøftingar med fleire kommunar i Sunnhordland.

## **PS 45/16 Møblar til LAR-senter**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek å nytta kr 135.000 av den økonomiske ramma til LAR-senteret til innkjøp av møblar til kontordelen på LAR-senteret

## **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 46/16 Kjøp av omsorgsbustad i Havn burettslag.**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for oppvekst- og omsorg rår formannskapet til å kjøpe omsorgsbustad i Havn burettslag for pris kr. 506 300 + omkostningar, ramme kr. 520 000. Summen vert å leggje inn i revidert budsjett.

### **Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 08.06.2016:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om at saka må handsamast i kommunestyret, då vedtaket ligg utanfor budsjettramma til formannskapet.

### **Tilråding: (Samrøystes)**

Utval for oppvekst- og omsorg rår formannskapet/kommunestyret til å kjøpe omsorgsbustad i Havn burettslag for pris kr. 506 300 + omkostningar, ramme kr. 520 000. Summen vert å leggje inn i revidert budsjett.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka, og at dette er ei prinsippsak som det kan bli fleire av.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Formannskapet rår kommunestyret til å kjøpe omsorgsbustad i Havn burettslag for pris kr. 506 300 + omkostningar, ramme kr. 520 000. Summen vert å leggje inn i revidert budsjett.

## **PS 47/16 Uttale til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017 - 2030**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Utval for oppvekst og omsorg rår formannskapet og kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Kommunestyret reagerer sterkt på framlegget om at Fitjar vidaregåande skule kan bli lagt ned frå 2022 dersom alternativ 1 i framlegget til Skulebruksplan for 2017 – 2030 vert gjennomført. Dette vil få dramatiske konsekvensar både for Fitjar kommune og Sunnhordlandregionen.
2. Dagens skulestruktur må vidareførast. Noverande plan legg opp til ein heilt urealistisk auke av elevplassar. Ved å vidareføra Fitjar vidaregåande skule vil ein ta vare på eit kompetansemiljø og eit tilbod til elevane som ut frå kvalitetsmessige kriterier står fram som svært tenleg og framtidsretta.
3. Kommunestyret viser ellers til vurderingane ovanfor.

### **Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 08.06.2016:**

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om saka.

### **Tilråding til formannskapet: (Samrøystes)**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Kommunestyret reagerer sterkt på framlegget om at Fitjar vidaregåande skule kan bli lagt ned frå 2022 dersom alternativ 1 i framlegget til Skulebruksplan for 2017 –

- 2030 vert gjennomført. Dette vil få dramatiske konsekvensar både for Fitjar kommune og Sunnhordlandregionen.
2. Dagens skulestruktur må vidareførast. Noverande plan legg opp til ein heilt urealistisk auke av elevplassar. Ved å vidareføra Fitjar vidaregåande skule vil ein ta vare på eit kompetansemiljø og eit tilbod til elevane som ut frå kvalitetsmessige kriterier står fram som svært tenleg og framtidsretta.
  3. Kommunestyret viser ellers til vurderingane ovanfor.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Delt ut i møtet: Uttale skulebruksplan frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland, datert 15.06.16.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om arbeidet så langt med å sikra vidare drift av Fitjar vidaregåande skule.

Formannskapet drøfta saka og kom med utfyllande innspel til saksframlegget, som vert justert av administrasjonen til kommunestyret. Justert sakstilfang vert sendt medlemmane før gruppemøte måndag 20.06.16.

Formannskapet la føre slikt felles framlegg til tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret reagerer sterkt på framlegget om at Fitjar vidaregåande skule kan bli lagt ned frå 2022 dersom alternativ 1 i framlegget til Skulebruksplan for 2017 – 2030 vert gjennomført. Dette vil få dramatiske konsekvensar både for Fitjar kommune og Sunnhordlandregionen.
2. Ved å vidareføra Fitjar vidaregåande skule vil ein ta vare på eit kompetansemiljø og eit tilbod til elevane som ut frå kvalitetsmessige kriterier står fram som svært tenleg og framtidsretta.
3. Kommunestyret viser ellers til vurderingane ovanfor.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Kommunestyret reagerer sterkt på framlegget om at Fitjar vidaregåande skule kan bli lagt ned frå 2022 dersom alternativ 1 i framlegget til Skulebruksplan for 2017 – 2030 vert gjennomført. Dette vil få dramatiske konsekvensar både for Fitjar kommune og Sunnhordlandregionen.
2. Ved å vidareføra Fitjar vidaregåande skule vil ein ta vare på eit kompetansemiljø og eit tilbod til elevane som ut frå kvalitetsmessige kriterier står fram som svært tenleg og framtidsretta.
3. Kommunestyret viser ellers til vurderingane ovanfor.

## **PS 48/16 Mogeleg medlemskap i nettverk for fjord og kystkommunar (NFKK)**

### **Framlegg til vedtak:**

Det blei ikkje lagt fram forslag til vedtak.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Rådmannen orienterte om møte med aktør i oppdrettsnæringa etter at sakspapira vart sendt ut. Møtet viste at Fitjar kommune vil måtta arbeida mykje med oppdrett for at kommunen skal kunna framstå som

ein god aktør ovafor oppdrettsnæringa. Basert på dette møtet vil rådmannen rå til at kommunen melder seg inn i NFKK.

Formannskapet drøfta saka.

Felles framlegg til vedtak frå formannskapet:  
Fitjar kommune melder seg inn i NFKK.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar kommune melder seg inn i NFKK.

**PS 49/16 Høyringsuttale - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029**

**Framlegg til tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre sluttar seg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 18. mai 2016.

E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta både nasjonalt og for regionen, og må prioriterast høgt.

Fitjar kommune vil dessutan visa til manglande ferdigstilling av parsellen Engevik- Levåg på E 39, og ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

Fitjar kommune ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP.

**Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre sluttar seg til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland dagsett 18. mai 2016.

E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta både nasjonalt og for regionen, og må prioriterast høgt.

Fitjar kommune vil dessutan visa til manglande ferdigstilling av parsellen Engevik- Levåg på E 39, og ber om at det vert funne midlar til denne tidleg i perioden, då vegstrekka sannsynlegvis må nyttast som hovudveg i minst 10 år til.

Fitjar kommune ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP.

**PS 50/16 Høyring om endring i forskrift om stadnamn**

**Framlegg til vedtak:**

Ordførar og rådmann får fullmakt til å gje uttale på vegne av Fitjar kommune i høve forslag til endring i forskrift om stadnamn.

**Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 51/16 Høyring - framlegg til planstrategi for Stord kommune**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Fitjar formannskap vedtek høyring som framlagt

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap vedtek høyring som framlagt.

## **PS 52/16 Bruk av opsjonar på Gartneritunet**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet godtek bruk av opsjonar, og oppstarting av del av byggjesteg 2. som det kjem fram av saksutgreiing.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Formannskapet drøfta saka.

Rådmann Atle Tornes informerte nærare om dei ulike opsjonane og at byggjesteg 1 er estimert ferdig februar 2017, og klart for innflytting 1. mars 2017.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 53/16 Revidert budsjett 2016**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek endringar i budsjett for 2016 i samsvar med saksutgreiing, som vist i vedlegg 1 (budsjettskjema 1A og 1B) og vedlegg 2 (budsjettskjema 2B).

Kommunestyret vedtek å auke ramma for låneopptak til investeringar til 40.500.000,-. Kommunestyret vedtek å søkje nytt lån i Husbanken på inntil 2.000.000,-.

### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om ei feil periodisering i rekneskapen 1. kvartal 2016. Han orienterte vidare om ein del av punkta i revidert budsjett, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Under sak PS 56/16 Meldingar, orienterte rådmannen om at Utval for plan og miljø har vedteke ei auka stillingsprosent med 40%, frå 60 til 100% på VA, jfr. sak PS 53/16

handsama i utval for plan og miljø 14.06.16. Stillinga skal finansierast med aktivering eige arbeid på investering, men kan og bli nedtrekk av fond. Dette er ikkje lagt inn i revidert budsjett.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret vedtek endringar i budsjett for 2016 i samsvar med saksutgreiing, som vist i vedlegg 1 (budsjettskjema 1A og 1B) og vedlegg 2 (budsjettskjema 2B).

Kommunestyret vedtek å auke ramma for låneopptak til investeringar til 40.500.000,-. Kommunestyret vedtek å søkje nytt lån i Husbanken på inntil 2.000.000,-.

### **PS 54/16 Sal av eigedom**

### **PS 55/16 Eigedomssak**

### **PS 56/16 Meldingar**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldings sakene til vitande.

#### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

##### Meldt i møtet:

Skatteinngang mai 2016

Status legesenter juni 2016

Økonomisituasjonen FKIB

Lønsoppgjer 2015

- delt ut i møtet: Protokollar etter særskilte forhandlingar med ulike organisasjonar

Planstrategi Bømlo kommune

Planstrategi Hordaland fylkeskommune

##### Orientering frå rådmann Atle Tornes:

Utval for plan og miljø har vedteke ei auka stillingsprosent frå 60% til 100% på VA.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 57/16 Ymse**

#### **Behandling i Formannskapet - 15.06.2016:**

Sendt på iPad 14.06.16: Brev frå styret i foreininga Kongsgarden – historisk formidlings senter, vedk. sikring av eigedom som del av framtidig tomt.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet om signal på kva tilbakemelding ein skal gje foreininga. Formannskapet ynskjer ikkje at Fitjar kommune skal gå inn med midlar i prosjektet i denne fasen.

##### Orienteringar av ordførar Wenche Tislevoll (H):



I samband med at kommunelege Tore Eikeland og legesekretær Lisbeth Eikeland skal slutta etter svært lang teneste, vil det bli ei markering i kommunestyret 22.06.16. Ove Gjerde, som gjekk bort 02.06.16, vil bli minna i kommunestyret 22.06.16.

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H):

Telenor si dekning har vore ustabil i Fitjar over lengre tid, kan Fitjar kommune gi dei ei tilbakemelding om dette og be om utbetring?

Administrasjonen jobbar allereie med Telenor om områder i Fitjar som har dårleg dekning, no er i tillegg dekninga i sentrum og generelt i heile kommunen svekka.

Ordføraren blir bedt om å ta saka opp i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Representanten Arne Prestbø (H) ga positiv tilbakemelding på at malingsarbeidet på fasaden på rådhuset no er i gong, og fargevalet som er lys grått fekk også vèlleta.